



## BARNEOMBUDET

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref:  
14/00232-2

Saksbehandler:  
Ane Gjerde

Dato:  
1. mai 2014

### **Høring - forskrift om barn sin rett til medverknad og deira moglegheit til å ha ein særskilt tillitsperson i eiga barnevernssak**

Barneombudet vil takke for høvet til å kome med innspel til høyringsnotatet om forslag til ny forskrift om barn sin rett til medverknad og deira moglegheit til å ha ein særskilt tillitsperson i eiga barnevernssak.

#### **Om Barneombudet**

Barneombudet har ein eigen lov og instruks som seier at vi skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombudet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følge opp FN's barnekonvensjon.

#### **Barnet sin rett til medverknad**

Barn i barnevernet har rett til å bli høyrte. Dette er nedfelt i barnevernlova og barnekonvensjonen, jamfør barnekonvensjonen artikkel 12 og barnevernlova § 6-3. Retten til å bli høyrte blir likevel ikkje alltid teken vare på i praksis. Stortinget har derfor vedtatt ei ny overordna bestemming om medverknad i barnevernlova § 4-1 som ytterlegere skal styrkje barn sin innverknad og medverknad. Det er vi svært positive til.

Barn sin rett til å bli høyrte og til å bli tatt alvorleg er ein av dei grunnleggjande verdiane i barnekonvensjonen. Artikkel 12 om barn sin rett til å bli høyrte er ikkje berre ein rett i seg sjølv, men den skal også tas omsyn til ved fortolkinga og gjennomføringa av dei andre rettane, til eksempel artikkel 3 om det beste for barnet.<sup>1</sup>

Nedanfor har vi merknadar til forslag til ny forskrift om barnet sin rett til medverknad og moglegheit til å ha ein særskilt tillitsperson i eiga barnevernssak.

#### **§ 3 Definisjon av medverknad**

Det følgjer av artikkel 12 i barnekonvensjonen at eit barn som er i stand til å danne seg egne synspunkta, har rett til fritt å gje uttrykk for desse synspunkta i alle forhold som vedkjem barnet, og barnet sine meiningar skal leggjast vekt på i samsvar med barnet sin alder og modnad.

---

<sup>1</sup> FN's barnekomité. Generell kommentar nr. 12 (2009). Barnets rett til å bli hørt.

Dette betyr ikkje at ein kan anta at eit barn ikkje er i stand til å gje uttrykk for egne oppfatningar. Tvert imot skal ein gå ut frå at barnet har evne til å danne seg egne synspunkta og erkjenne at det har rett til å gje uttrykk for desse synspunkta.<sup>2</sup>

Vi foreslår derfor at setninga om at «barn *kan* medvirke i egen sak ved å utrykke sin forståelse, valg og preferanser gjennom verbal og ikke verbal kommunikasjon», endres til «barn *skal* medvirke i egen sak «...» ».

Det kan ikkje vere opp til barnevernet å vurdere om medverknaden skal skje. Viss barnet ikkje ønskjer å seie meininga si om ein gitt situasjon stiller sjølv sagt saka seg annleis. Viss barnet ikkje vil seie meininga si om noko, skal det ikkje det. Men det er også ein form for medverknad å bestemme sjølv om ein vil seie noko eller ikkje.

Vi synest det er uklart kva departementet meiner med følgjande setning: «Medvirkningen bør ivareta barnas forskjellige bakgrunn som barnas etniske, religiøse, kulturelle og språklige bakgrunn». Det er fint viss det blir klarare kva departementet ser for seg her.

### **§ 5 Barnet skal gis moglegheit til å medverke**

Bestemminga seier at barnet skal gjevast moglegheit til å medverke i alle forhold og saker som vedkjem barnet.

Barn vi treffer som er i kontakt med barnevernet er svært opptekne av at barnevernet snakkar med dei direkte. Samstundes fortel mange at dei sjølv har opplevd at barnevernet ikkje snakka med dei, eller at ein ikkje snakka om det som var alvorleg, til eksempel vald. Mange fortel òg at ei eventuell samtale med barnevernet skjedde med foreldra til stades, noko som gjorde at dei ikkje turte å fortelle korleis det egentlig stod til heime.

Samtaler med barn er grunnleggjande for at barn skal ble tekne på alvor, samtidig som samtala med barnet er ei svært viktig kjelde til informasjon for at barnevernet skal fatte gode avgjerder. Det er mykje meir sannsynleg at barnevernet vil gjere riktige tiltak og at barnet vil trivast med desse viss barnet har vært involvert og inkludert i prosessen.

I alle tiltak som treffest for barn i barnevernet skal det beste for barnet det grunnleggjande. Artikkel 3 om det beste for barnet kan ikkje gjennomførast på korrekt vis utan at komponentane i artikkel 12 om barnet sin rett til å bli høyrst blir respektert.<sup>3</sup>

Når det dreier seg om undersøkingar i barnevernet, er det svært viktig at barnevernet har eit godt grunnlag for å finne dei rette tiltaka til barnet. Sjølv om det kan vere gode grunner for at foreldra er tilstades når barnevernet snakkar med barna i ei undersøking, bør den klare hovudregelen vere at barnevernet snakkar med barnet aleine. Også i saker der barnet mottar tiltak frå barnevernet kan det vere viktig å snakke med barnet aleine. Nokre gonger kan det at barnevernet snakkar med barnet aleine vere det som gjer at barnet får ein reell moglegheit til å medverke.

Barneombodet meiner forskrifta bør innehalde føringar på at barnevernet skal leggje til rette for at barnet får høve til å snakke med dei aleine (eventuelt med tillitspersonen til stades).

Bestemminga har også ein setning om at barnet ikkje skal utsettast for press til å medverke eller til å gje uttrykk for meiningar som ikkje er barnet sine eigna. Dette er svært viktig.

---

<sup>2</sup> Ibid.

<sup>3</sup> Ibid.

Samstundes må ikkje dette brukast som ei unnskyldning for ikkje å snakke med barnet. Som nemnt skal det vere opp til barnet å definere når det ønskjer å si sin meining og ikkje.

Vi har derfor følgjande forslag til formulering, som også er meir i tråd med den generelle kommentaren frå FNs barnekomité om barnet sin rett til å bli høyrte: «barnet skal ikkje utsettes for press til å *gi uttrykk for sine synspunkter, og selv velge om det vil benytte seg av retten til å bli hørt*».

### **§ 6 Ansvar for barnevernet har for å legge til rette for medverknad frå barnet**

Bestemminga seier blant anna at barnet sine synspunkt skal leggast vekt på i samsvar med barnet sin alder og modnad. Barnet skal informerast om dei ulike avgjerdsleane som er treft, og kva for vurderingar som ligg til grunn for desse.

Mange barn som skriv til Barneombodet formidlar at dei ikkje har blitt høyrte av barnevernet. Ein del av desse barna fortel for eksempel at dei har fortalt barnevernet at dei vil flytte, men at barnevernet ikkje gjer noko med dette. Dette er eit viktig signal om at barn har behov for å få informasjon om at retten til å bli høyrte ikkje nødvendigvis dreier seg om å bestemme.

Når barnevernet bestemmer seg for noka anna enn det barnet vil eller meiner, er vårt inntrykk at det er eit stort behov for å gje tydelig informasjon om kva som var grunnen til at barnevernet har ei anna oppfatning om kva som er til det beste for barnet.

FNs barnekomité seier også at barnet sin rett til å bli høyrte inneber at ein er forplikta til å gje barn tilbakemelding om kva vekt ein har lagt på deira synspunkt, og informasjon om prosedyrar for å klage.<sup>4</sup>

Vi ønskjer oss derfor at det under § 6 også må innlemmast at barnet skal få informasjon om korleis ein har lagt vekt på barnet sine synspunkt, og at barnevernet skal informere barnet om moglegheitene til å klage.

### **§ 7 Dokumentasjon**

Bestemminga viser at barnet sin medverknad skal bli dokumentert. Det skal bli dokumentert om barnet har fått høve til å medverke, kva barnet er blitt høyrte om og kva som var barnet sitt syn.

Vi er glade for at det endelig blir gjort tydeleg at medverknad frå barnet skal bli dokumentert i barnevernet sitt arbeid. Dette har vi spilt inn til myndigheitene fleire gonger.

Vi foreslår i tillegg at ein under § 7 tar med at det skal bli dokumentert og kjem tydeleg fram korleis barnet sitt perspektiv og meiningar er tatt med i vurderinga av kva som er til det beste for barnet.

### **Tillitsperson**

Barn som barnevernet har tatt over omsorga for kan bli gitt høve til å ha med seg ein person barnet har særleg tillit til i kontakta med barnevernet.

Barneombodet er positive til tiltak som kan vere med på å styrkje barnet sin moglegheit til å medverke og få ei god saksbehandling i si eiga barnevernssak. Vi meiner derfor at intensjonen med å la barn ha ein tillitsperson er god.

---

<sup>4</sup> Ibid.

Vi er likevel bekymra for at ordninga ikkje vil fungere etter sin hensikt, fordi den kan føre til store ulikheiter i kva for nokre barn som kan dra nytte av den.

### **§ 9 Barnet kan ha ein tillitsperson**

Ordninga med tillitsperson skal gjelde for dei barna som barnevernet har tatt over omsorga for.

Eit stort tal barn i barnevernet vil derfor ikkje få moglegheit til å ha med seg ein tillitsperson i møter. Det dreier seg om alle barn som tek i mot hjelpetiltak i eller utanfor heimen.

Departementet grunngjer avgrensinga med at barn som tek i mot hjelpetiltak vil få sine interesser tekne vare på gjennom foreldra sine. Vår oppfatning om dette er at det kan stemme for nokre barn. Det vil likevel vere mange barn som er i kontakt med barnevernet kor foreldra ikkje klarar å ta vare på deira interesser og/eller at foreldra og barnet har motstridande interesser. Det gjeld også for hjelpetiltakssakene.

Departementet skriv i sine merknader til bestemminga at barn som er plassert frivillig utanfor heimen ikkje er avskorne frå ordninga. Det kan vurderast i kvart konkret tilfelle. Dette meiner vi blir for tilfeldig.

Vi ser ingen grunn til at tillitspersonordninga ikkje skal gjeld for alle barn i barnevernet, og vi ber departementet om å sjå på om ein kan utvide ordninga.

### **§ 10 Krav til tillitsperson**

I denne bestemminga står det at barnet sjølv vel kven som skal vere tillitsperson for barnet.

I merknadene til bestemminga skriv departementet at det er frivillig å ha ein tillitsperson, barnet bestemmer sjølv om det skal ha ein tillitsperson og kven det i så fall skal vere.

Det er fint at departementet i så stor grad vil at barnevernet skal leggje vekt på barnet sine ønskjer og meiningar. Vi vil i likevel nemne at det vil vere barn i barnevernet som har eit lite eller manglande nettverk og at det kan vere vanskeleg for dei å finne ein person trass i at dei kanskje ønskjer det. Vi meiner barnevernet bør finne tillitspersonar til dei barna det gjeld, og at det bør kome fram av forskrifta.

### **§ 12 Barnevernstenesta oppgåver når det gjeld tillitsperson**

Departementet skriv i merknadene til denne bestemminga at rolla som tillitsperson er frivillig, og at barnevernstenesta derfor ikkje skal yte nokon form for økonomisk kompensasjon til tillitspersonen. Det er vi kritiske til.

Dersom eit barn bur langt unna tillitspersonen, så vil det føre med seg reiseutgifter. Det vil for eksempel dreie seg om tillitspersonane til dei barna som flytter i fosterheim, eller på institusjon i andre kommunar enn heimkommunen sin.

Tillitspersonen vil òg delta på møter som er i den vanlege arbeidstida si, og dermed gå glipp av lønn frå arbeidsgivar.

Når tillitspersonen ikkje mottar godtgjering, kan dette føre til at dei som blir spurt om å vere tillitsperson ikkje nødvendigvis ser at dette er noko dei har ressursar til.

**Tilleggscommentar: Tiltak for å oppfylle retten til å bli høyr**

Utover sjølve forslaget til ny forskrift om barnet sin rett til medverknad og barnet sin moglegheit til å ha ein særskilt tillitsperson, har vi nokre kommentarar.

Vi er svært opptekne av at rettane også må oppfyllast i praksis. Det er fleire tiltak som må på plass for at dette skal skje, mellom anna

1. ressursar til barnevernet

Myndigheitene sentralt og lokalt må prioritere ressursar til barnevernet slik at dei har kapasitet til å ta vare på rettane til barna.

2. kompetanseheving

Det må vere kontinuerleg fokus på kompetanseheving av dei som skal snakke med barna. Trass auka fokus på barn sin rett til å bli høyrte, viser forskning og tilsyn med barnevernet at barnevernet ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å høyre barn.

Det er krevjande å ha samtalar med barn, og som departementet skriv skal samtalanene vere tilpassa barnet sin alder og modnad. Det er nødvendig at dei tilsette i barnevernet får tilført kompetanse på dette området.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
barneombod

Ane Gjerde  
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.